



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Uttale til høyring endring forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfoldloven - korallrev og typisk høgmyr - dykkar ref. 21/1555

Statsforvaltaren i Rogaland er svært positiv til ei forskriftsendring som gir sektormynde ein større moglegheit til å ta vare på sårbare naturtypar. I Rogaland er det ikkje registrert typisk høgmyr, men me har førekomstar av korallrev i ein svært utsett posisjon. Å få korallrev på lista over dei utvalde naturtypane vil gjere at me betre kan syte for at dei utsette førekomstane i Rogaland får ei trygg framtid. Me meiner at ordlyden i framlegget til forskriftsendring er noko innsnevrande. Me ber om at forskrifta vert endra slik at den omfattar både korallrev og korallskog.

Framlegget til endring i forskrift lyd:

9) *Korallrev. Med korallrev menes et havbunnsområde med revbyggende koralldyr i kolonier bestående av både levende og døde deler, som dekker minst 25 m². Korallrevet kan bestå av flere enkeltstående korallkolonier som sammen dekker minst 75 % av minsteområdet.*

Dette er ein svært spesifikk definisjon som utelet førekomstar av mellom anna korallskog. På bratte og djupe bergveggar i fjordane og marine dalar på sokkelen kan man finne tette bestandar av hornkorallar, inklusivt sjøtre (*Paragorgia arborea*, NT), sjøbusk (*Paramurica placomus*, LC) og risengrynkoral (*Primnoa resedaeformis*, LC). Desse artane utgjer naturtypen hardbotnkorallskog (NT), jf. Artsdatabanken. I tillegg på blautbotn finns grisehalekorallskog (EN) og bambuskorallskog (EN), jf. Artsdatabanken.

Hornkorallane er eit ynda stad for andre arter som lever i, på og i nærleiken av koloniane, til dømes krabber og andre små krepsdyr, havbørstemakk, slangestjerner og medusahovud. Desse korallskogane er også assosiert med eit betydeleg fiskeliv. Hornkorallane og korallskogane er i motsetnad til korallrev ikkje revdannande. Som følge av det vil ordlyden i framlegget om forskriftsendring ekskludere naturtypen hardbotnkorallskog frå beskyttelsen framlegget vil gi. Hardbotnkorallskog er i dag vurdert som nær truga i norsk raudliste for naturtypar. Naturtypen blir som korallrev påverka av botnfiske (særleg line og garn) og partikulært utslepp.

OSPAR nyttar term som korallhage (coral gardens) for alle relativt tette korallførekomstar bestående av ein eller fleire korallarter. Dette omgrepet rommar derfor vår eigen definerte hardbotnkorallskog



og blautbotnkorallskog. I OSPAR avtalen 2008-07 vart korallhagar inkludert på lista over truga og/eller nedadgåande arter og habitat. Norge, som ein del av OSPAR, bør etter vår vurdering difor inkludera naturtypane hardbotnkorallskog (NT), Grisehalekorallskogbotn (EN) og Bambuskorallskogbotn (EN) i definisjonen over den utvalde naturtypen.

Konklusjon

Dersom hensikta med forskriftsendringa er å auke tryggleiken til betydelege korallførekomstar i norske farvatn bør også dei ulike formane av korallskog inkluderast. Ved å ta ut termen revbyggande frå framlagt forskriftsendring vil større bestandar av korallskog bli inkludert. Denne minimale endringa av ordlyd vil kunne ha stor betydning for økosystemet assosiert med større korallførekomstar i norske fjordar og havstrøk.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
ass. fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
fagleiar natur

Dokumentet er elektronisk godkjent